

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Nordfjord Hotell, Nordfjordeid

MØTETIDSPUNKT: 02.09.20 KL. 1200 - 1600

Deltakarar frå styret

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Sigurd Hille	Medlem
Pernille Lysaker	Medlem
Ingeborg Morken	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerande
direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi
Torunn Nilsen, styresekretær

Fellesmøte med styret i Helse Førde HF

I forkant av styremøtet var det felles møte med styret i Helse Førde HF, med følgjande tema:
Orientering om tenestene lokalisert ved Nordfjord sjukehus
Tverrfagleg spesialisert rusbehandling(TSB), samla tilbod i Helse Førde og planar framover
Nytt frå Helse Vest
Aktuelle utgreiingar og planarbeid i Helse Vest

Sak 094/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Det var ikkje forfall til møtet.

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 095/20 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 17.06. 2020

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 17.06.2020.

Protokollen blir sendt rundt for signatur.

Sak 096/20Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret peika på at den pågåande revisjonen av regional plan for habilitering og rehabilitering bør inn på oversikten.

5. Koronaviruset – status i Helse Vest

- Det har vore fleire lokale utbrot, og det er det som er den mest sannsynlege utviklinga for ein periode framover. Det stiller store krav til testing, analysar, smittesporing og etterleving av smittevernråda for å hindre større spreiding.
- Helse Vest har etablert god oversikt over smittevernutstyr og modellar for forbruk for ulike scenario. Tilgangen på smittevernutstyr er p.t. god.
- Helse Vest har etablert eit eige regionalt tryggleiks- og beredskapslager for smittevernutstyr.
- Ein føl prinsippa for testkapasitet. Den høge testkapasiteten er lagt til universitetssjukehusa. Det inneber at Helse Bergen og Helse Stavanger til saman skal dekke behova i regionen supplert med helse Førde og Helse Fonna sin kapasitet.
- Føretaksgruppa Helse Vest har ein maksimal testkapasitet på 60 000 testar per veke. Ein er langt unna forbruk av tilgjengeleg testkapasitet.
- Tilgang på reagensar er ei utfordring.

6. RNB – etter behandling i Stortinget

I samband med Stortinget sin behandling av Revidert nasjonalbudsjett, blei det bevilga 600 millionar meir til spesialisthelsetenesta. For Helse Vest utgjer dette 113 millionar kr. Pengane blir ikkje fordelt til helseføretaka enno, då det er behov for å få betre oversikt over dei økonomiske konsekvensane av pandemien først. Styret ønskja fordeling av midlane til behandling dersom det er behov for å fråvike tildeling etter inntektsmodellen.

7. Behov for aktivitet i 2021 relatert til Korona

Dei regionale helseføretaka anslo 17. mars ein kostnadsauke i 2020 på 10 – 15 prosent, eller ein månadleg ekstrakostnad på 1,5 – 2,2 milliardar kroner, i samband med Covid-19. Helse Sør-Øst RHF, Helse Vest RHF og Helse Nord RHF venter at kostnadsauka i 2021 blir noko lågare enn dette anslaget. Vurderingane i dette oppdaterte innspelet er gjort på nasjonalt nivå. Vi understreker at det er stor usikkerheit rundt dette og regionane har derfor signalisert at dei vil komme med oppdaterte innspel til hausten.

Innspelet er gjort i form av to notat, eit som omhandlar auka kostnadar og aktivitetsføresetnadar og eit bakgrunnsnotat om aktivitetsføresetnadar for 2021. Desse to notata er sendt inn til HOD som innspel frå Helse Nord, Helse Sør-Øst og Helse Vest. Helse Midt har laga eit eige notat som ikkje avviker mykje i konklusjon. RHF-a har gjort ein ny gjennomgang i august, og det er ingen endringar i innspela dei innspela som er gitt til HOD.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 097/20 Rapportering frå verksemda per juli 2020

Oppsummering

Helsefaglege indikatorar og sjukefråvær

Status Juli 2020	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Fristbrot behandla	0	0%	9,5% [!]	11,4% [!]	10,1% [!]	6,6% [!]	13,3% [!]
Gj.snitt ventetid, behandla SOM	60	53	52 [✓]	53 [•]	43 [✓]	51 [✓]	63 [!]
Gj.snitt ventetid, behandla BUP	40	35	30 [✓]	37 [•]	29 [✓]	28 [✓]	27 [✓]
Gj.snitt ventetid, behandla PHV	45	40	37 [✓]	42 [•]	39 [✓]	35 [✓]	20 [✓]
Gj.snitt ventetid, behandla TSB	35	30	24 [✓]	15 [✓]	16 [✓]	21 [✓]	21 [✓]

Status Juli 2020	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Korridorpasienter (SOM)	0%	0%	1,7% [•]	3,9% [!]	1,7% [•]	0,3% [•]	0,7% [•]
Epikristid SOM	100 %	100 %	89,8% [•]	90,3% [•]	80,7% [•]	91,7% [•]	93,9% [•]
Epikristid PH	100 %	100 %	93,1% [•]	87,2% [•]	98,1% [•]	94,7% [•]	97,3% [•]
Sykefråvær	5,5%	5,5%	6,2% [•]	6,1% [•]	7,3% [!]	6,3% [•]	5,4% [✓]

*Sjukefråvær: Tala over til sjukefråvær er inkludert koronarelatert fråvær. Sjå lenger ned i rapportering frå verksemda for sjukefråvær per helseføretak både med og utan koronarelatert fråvær.

Juli er ein atypisk rapporteringsmånad, og fleire helsefaglege indikatorane er påverka av ferieavviklinga i helseføretaka, noko som medfører redusert elektiv aktivitet.

Ventetid

Dei samla gjennomsnittlege ventetidene for alle fagområde var 50,5 dagar i gjennomsnitt for dei som starta behandling, medan den gjennomsnittlege ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden steig frå juni til juli, og var på 72,2 dagar. Talet pasientar som starta behandling var på om lag same nivå som i juli 2019. I august er det forventa at ventetid for behandla igjen vil stige, medan ventetida for ventande vil falle.

Fristbrot

Når det gjeld fristbrot så var det ein markant vekst i prosentdelen, både for dei som starta behandling i og dei som venta, i samband med pandemien. Sidan mai 2020 har prosentdelen fristbrot byrja å peike nedover igjen. Prosentdelen fristbrot for dei som starta behandling i juli var 9,1 % samla for HF-a og dei private ideelle sjukehusa, medan prosentdelen fristbrot for dei som framleis ventar var 8,2 %.

Korridorpasientar

Prosentdelen korridorpasientar innan somatikken, som har halde seg stabil kring 1,6 – 1,7 % gjennom heile 2019, har etter å ha låge på eit lågt nivå ved utbrotet av pandemien, stege gjennom våren og sommaren til 1,7 % i juli. Innan psykisk helsevern for vaksne var prosentdelen korridorpasientar 0,6 % sist månad.

Epikrise

Utviklinga i prosentdelen pasientar som har fått epikrise innan sju virkedagar etter utskriving har i hovudsak vore rimeleg uendra over fleire år for alle dei fire helseføretaka, men med ein stigande trend frå og med januar 2020, og særleg då innan psykisk helsevern. Den samla epikrisetida har stort sett variert mellom 85 % og 90 % innan somatikken, og mellom 90 % og 95 % innan psykisk helsevern dei seinaste fire månedane. I juli 2020 var delen epikrisar sendt innan 7 virkedagar om lag 90 % innan somatikk og nær 93 % innan psykisk helsevern.

Pakkeforløp kreft

For juli månad viser oversikta ei måloppnåing på 78 % for Helse Vest samla, dette er i tråd med målkravet.

Hittil har Helse Vest ein måloppnåing på 73 %. Til samanlikning blei 68 % av pasientane i Helse Vest behandla innan standard forløpstid same periode i fjor. Hittil i 2020 har alle helseføretaka ei måloppnåing som er over 70 %, til tross for covid-19 pandemien. Nasjonalt var måloppnåinga på 72 %. Helse Sør-Øst hadde i same periode 73 % måloppnåing, Helse Nord 70 % samt Helse Midt-Norge 71 %.

Måloppnåing per pakkeforløp hittil*

Pakkeforløp januar - juli 2020 og juli 2020	Helse Vest RHF		Helse Stavanger HF		Helse Fonna HF		Helse Bergen HF		Helse Førde HF		Haraldsplass HF		Privat Vest HF		Totalsum
	Jan - juli 2020	Juli 2020	Jan - juli 2020	Juli 2020	Jan - juli 2020	Juli 2020	Jan - juli 2020	Juli 2020	Jan - juli 2020	Juli 2020	Jan - juli 2020	Juli 2020	Jan - juli 2020	Juli 2020	
Akutt leukemi og høyrisiko myelodysplasi	85 %	50 %	0 %	0 %			88 %	100 %	100 %						20
Blærekreft	89 %	100 %	89 %	100 %	86 %	100 %	79 %	100 %	93 %	100 %	100 %	100 %			164
Bystkreft	60 %	62 %	67 %	83 %	68 %	57 %	51 %	48 %	73 %	80 %					423
Bukspyttkjertelkreft	71 %	57 %	79 %	100 %	33 %		72 %	60 %	33 %	0 %					59
Eggstokkreft (ovarial)	88 %	92 %	100 %	100 %	80 %	100 %	80 %	80 %	90 %	100 %	100 %				69
Føflekkreft	87 %	86 %	79 %	62 %	100 %	100 %	89 %	94 %	92 %	100 %			91 %	100 %	377
Galleveiskreft	73 %	100 %	67 %		0 %		78 %	100 %	100 %		100 %				15
Hjernekreft	86 %	57 %	83 %	100 %			86 %	50 %			100 %				29
Hode- halskreft	68 %	92 %	68 %	75 %	57 %	100 %	65 %	100 %	100 %	100 %					90
Kreft hos barn	89 %	100 %	100 %				83 %	100 %							19
Kreft i spiserør og magesekk	79 %	100 %	81 %	100 %	67 %		83 %	100 %	78 %		67 %	100 %			66
Kronisk lymfatisk leukemi (KLL)	80 %	100 %					80 %	100 %	80 %						20
Livmorhalskreft (cervix)	68 %	100 %	64 %	100 %	67 %		70 %	100 %							41
Livmorkreft (endometrie)	80 %	100 %	90 %	100 %	100 %		76 %	100 %	60 %						80
Lungekreft	68 %	77 %	72 %	78 %	76 %	67 %	57 %	71 %	96 %	100 %	56 %	100 %			290
Lymfomer	62 %	40 %	60 %	100 %	67 %	0 %	64 %	0 %	50 %	100 %	100 %				65
Myelomatose	80 %	100 %	50 %	100 %			100 %	100 %	80 %						25
Nevroendokrine svulster	88 %	100 %	86 %				100 %	100 %							8
Nyrekreft	60 %	100 %	62 %	100 %	68 %	100 %	99 %	100 %	67 %	100 %	0 %				90
Peniskreft	80 %	100 %			0 %		86 %	100 %	100 %		100 %	100 %			10
Primær leverkreft (HCC)	0 %		0 %				0 %		0 %						7
Prostatakreft	67 %	60 %	67 %	57 %	44 %	50 %	73 %	82 %	40 %	13 %	90 %	100 %			487
Sarkom	78 %	100 %	50 %	100 %	0 %		86 %	100 %							27
Skjoldbruskkjertelkreft	87 %				100 %		86 %								15
Testikkelkreft	55 %	100 %	57 %	100 %	75 %		45 %								22
Tykk- og endetarmskreft	73 %	74 %	82 %	81 %	91 %	100 %	55 %	55 %	87 %	75 %	82 %	75 %			434
Tal pakkeforløp innan standard forløpstid	2 138	271	555	74	237	28	1 010	126	204	29	122	13	10	1	
Totalt tal gjennomførte pakkeforløp	2 952	349	748	93	317	35	1 454	166	275	40	147	14	11	1	2 952
Prosentdel forløp innan standard forløpstid	72 %	78 %	74 %	80 %	75 %	80 %	69 %	76 %	74 %	73 %	83 %	93 %	91 %	100 %	

*Merk: For einskilde spesielle kreftformer kan talet forløp være svært lågt per HF (1 – 3)

Sjukefråvær

Per juli 2020 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 6,23 %. Det sjukemeldte fråværet for juli 2020 var på 5,36 %. Av samla sjukefråvær utgjør koronarelatert fråvær 0,11 %. Det vil sei at samla sjukefråvær for føretaksgruppa utan koronarelatert fråvær er på 6,12 %. Dette er 0,86 % lågare enn juli 2019.

Per juli 2020 hadde 70,87 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 71,21 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

Heiltid

8 933 fleire medarbeidarar har sidan desember 2010 til august 2020 fått høgare stillingsprosent i føretaksgruppa Helse Vest. Det er 6 224 fleire medarbeidarar som har 100 % stilling og 2 709 fleire som har høgare stillingsprosent. Korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent er 90,80 %. Måltalet er på 89,30 %.

HMS/kvalitet

Tal meldte hendingar hittil per juni 2020 er totalt 21 555. Dette er 471 færre tilfelle samanlikna med same periode 2019. Vald og truslar mot tilsette hittil per juni 2020 er totalt 1 226 dette er 104 færre enn same periode 2019. Per juni 2020 er det meldt inn 148 truslar om drap, medan det var 109 i same periode 2019. Truslar om vold per juni 2020 er 313, medan det var 213 truslar om vald i same periode 2019. Truslar om drap og truslar om vold har auka betydeleg og det er usikkert kva årsaken er, men det kan vere relatert til oppleving av mangel på tryggleik knytt til korona epidemien. Det er mellom anna registrert 80 tilfelle med eksponering av covid-19.

Uønska hendingar – pasientar samla har gått opp med 2 125 tilfelle samanlikna med same periode 2019. Tal forbetningsområder per juni 2020 er 1 283. Dette er 4 502 færre tilfelle samanlikna med same periode 2019.

Økonomi og finans

Akkumulert økonomisk resultat per føretak

	Juni			Juli			Hittil i år		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavange	79 874	8 333	71 541	577	8 333	-7 756	-73 663	58 333	-131 996
Helse Fonna	47 012	3 333	43 678	2 361	3 333	-972	-30 517	23 333	-53 850
Helse Bergen	68 755	10 000	58 755	23 331	10 000	13 331	-122 423	70 000	-192 423
Helse Førde	47 972	2 167	45 806	3 189	2 167	1 023	25 271	15 167	10 104
Sjukehusapote	1 398	638	760	4 824	-714	5 538	-573	2 482	-3 055
Helse Vest IKT	11 970	11 228	742	-4 890	-5 736	1 169	-6 657	-10 375	3 463
Helse Vest Mor	86 156	35 487	50 670	48 207	7 819	40 388	301 355	218 129	83 226
Til saman	343 138	71 186	271 952	77 601	25 203	52 721	92 793	377 069	-284 532

Det samla resultatet i føretaksgruppa er akkumulert per juli på kr. 92,8 mill., som er kr. 284,5 mill. lågare enn budsjettert. Det akkumulerte resultatet er fortsatt prega av covid-19 pandemien der det er svikten i dei aktivitetsbaserte som utgjør hovudårsaken til resultatavviket. Dei aktivitetsbaserte inntektene på dei fire sjukehusføretaka utgjør om lag 436 mill. kroner. Tar ein høgde for dette så har føretaksgruppa eit positivt resultatavvik på høgde med eit normalår.

Det samla resultatet i juni månad er på kr. 343,1 mill. og i juli månad på kr. 77,6 mill. Budsjettavviket for juni månad viser eit positivt avvik på kr. 272 mill. og for juli er det eit positivt avvik på kr. 52,7 mill.

I møte den 17. juni 2020 behandla styret i Helse Vest sak 08120 Revidert nasjonalbudsjett 2020. Det blei i denne saka gjort ei fordeling av ekstra midlar knytt til Covid-19 på samla sett kr. 1 037 mill. Desse midla er no innarbeida i resultatet til helseføretaka. Dette inneber at resultatet i juni isolert sett viser eit stort positivt avvik som må sjåast opp mot tidlegare negative avvik. Auken i basisramma må sjåast opp mot både drift og investeringar. Dette inneber at den delen av auken i basisramme som blir nytta til Covid-19 relaterte investeringar skal alt anna like gje seg utslag i tilsvarande positivt resultatavvik. Ved Stortinget si behandling av revidert nasjonalbudsjett blei det løyva ytterlegare 600 mill. kroner i 2020. For Helse Vest utgjør dette vel kr. 113 mill.

Det er stor usikkerhet både på kostnads- og inntektssida framover og dette blir i stor grad påverka av utviklinga i pandemisituasjonen. Helse Vest legg difor opp til at auken i basisramma ikkje blir fordelt på dette tidspunktet, men at disponeringa av desse midlane vil

bli ein inntekt i Helse Vest og vurdert ved ein seinare anledning når man har sett meir utviklinga i pandemisituasjonen ut over hausten.

I revidert nasjonalbudsjett er det orientert om at regjeringa vil komme tilbake med ein vurdering av behovet for løyving som følge av reduserte aktivitetsbaserte inntekter per mai månad. Det er ikkje avklart korleis innretninga på dette vil vere og dette er ein usikkerheit som føretaka må ta høgde for. Frå og med juni månad er det føresett at helseføretaka skal tilbake til ein normal drift.

Basert på rapporteringa frå helseføretaka utgjer effekten av korona omlag kr. 653 mill. hittil pr. juli. Det er da ikkje tatt omsyn til tildelinga i revidert nasjonalbudsjett, slik at dette er estimert effekt av korona isolert sett.

Prognose


Resultatkrav for 2020 er som følger:

Endeleg Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteke vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2020	100 000	40 000	120 000	26 000	7 000	1 000	150 000	444 000

Helseføretaka melder at prognosen er usikker med tanke på pandemien. For å kunne oppretthalde ein årsprognose som budsjettert, er det lagt til grunn at inntektstap og meirkostnad som følgjer av koronapandemien blir kompensert. Så langt ser det økonomiske opplegget som er lagt i RNB og behandlinga i Stortinget handlingsrom til å handtere meirkostnader inntil eit visst nivå og samstundes oppretthalde normale økonomiske resultat der vi opprettheld evne til å gjennomføre investeringane i regionen.

Tal tvangsinnleggingar pr. 1000 innbyggjarar i Helse Vest

Figuren / grafen under syner tal tvangsinnleggingar pr. 1000 innbyggjarar i Helse Vest RHF, der kvar graf representerer eit lokalt helseføretak. Tala dekkjer perioden frå og med januar 2020 til og med juli 2020.



Antall tvangsinnleggelser pr. 1000 innbygger fordelt etter opptaksområde

Beskrivelse	Januar 2020	Februar 2020	Mars 2020	April 2020	Mai 2020	Juni 2020	Juli 2020
Helse Bergen HF	0,26	0,24	0,21	0,18	0,18	0,22	0,22
Helse Fonna HF	0,11	0,16	0,13	0,13	0,13	0,11	0,09
Helse Færde HF	0,06	0,06	0,09	0,09	0,08	0,13	0,06
Helse Stavanger HF	0,24	0,22	0,21	0,20	0,20	0,24	0,22
Totalt	0,22	0,22	0,18	0,17	0,17	0,20	0,18

Styret slutta seg til å gjennomgå malen for rapportering frå verksemda for å forenkle og gjere innhaldet meir spissa.

Styret peika også på at det må setjast inn tiltak for å redusere vald og truslar mot tilsette.

Styret var særleg uroa over auka i truslar om drap.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2020 til etterretning.

Sak 098/20 Regional plan for psykisk helse – handlingsplan

Oppsummering

Saka gjeld forslag til handlingsplan knytt til regional plan for psykisk helse i Helse Vest 2020-2024, som ble behandla i styret 7.11.2019, styresak 110/19.

Handlingsplanen gjev føringar for kva tiltak som vert prioritert i 2020-2021. Handlingsplanen reflekterer innspela frå styret. I vedlegget finn ein eit oversyn over alle tiltak som er omtalt i planen.

Planen skal vere retningsgivande for utvikling av tenestene innan psykisk helsevern i helseføretaka og dei private aktørane innan psykisk helsevern i regionen.

Styret peika på at sjølv mord blant unge er aukande, og at tilbodet til denne gruppa må finne sin form i det vidare arbeidet så dei som treng hjelp får det.

Administrerande direktør sitt forslag til vedtak

Styret i Helse Vest RHF legg forslag til handlingsplan for psykisk helsevern 2020-2024 til grunn for vidare utvikling av tenestene innan psykisk helsevern.

Handlingsplanen blir sendt helseføretaka og dei private ideelle til oppfølging.

Helseføretaka må vurdere oppfølging og finansiering av tiltaka i dei årlege budsjettprosessane.

Styret blir halde orientert om framdrift og oppfølging av tiltaka to gongar i året.

Etter innspel frå styret blei vedtaket oppdatert som følgjer:

Vedtak (samrøystes)

- Styret i Helse Vest RHF legg forslag til handlingsplan for psykisk helsevern 2020-2024 til grunn for vidare utvikling av tenestene innan psykisk helsevern.
- Handlingsplanen og styret sitt vedtak i saka blir sendt helseføretaka og dei private ideelle til oppfølging.
- Helseføretaka og styret sitt vedtak i saka må vurdere oppfølging og finansiering av tiltaka i dei årlege budsjettprosessane.
- Styret vil understreke nødvendigheita av at alle pasientar får helsehjelp når dei har behov for det. Avklaringar om oppgåvedeling og vidareutvikling av samarbeidet med kommunehelsetenesta og fastlegar er viktig for dette. Helsefelleskapa kan nyttast i dette arbeidet, saman med ei rekke av tiltaka som går fram av handlingsplanen.
- Styret peika på viktigheita av at pårørande blir involvert tett i oppfølging av pasientar innan psykisk helsevern.
- Styret blir halde orientert om framdrift og oppfølging av tiltaka to gongar i året.

Sak 099/20 Strategisk vidareutvikling av spesialisthelsetenesta til den samiske befolkning - felles styresak

Oppsummering

Saka er felles for alle 4 RHF, og er difor ikkje på nynorsk.

Styrebehandling av strategidokument «Spesialisthelsetjenester til den samiske befolkningen» er utarbeidet av Helse Nord, og skal styrebehandles i alle regionale helseforetak. Saken er derfor på bokmål.

Det har vært en bred sammensetning i styrings- og prosjektgruppen. Sametinget, alle landets regionale helseforetak, kommunesektorens organisasjon (KS), samiske fag- og forskningsmiljø, brukere og tillitsvalgte har vært representert.

En videreutvikling av spesialisthelsetjenester til den samiske befolkningen bør ta utgangspunkt det ordinære tjenestetilbudet. Dagens organisering kan videreutvikles ved at helsetjenester til den samiske befolkningen styrkes i alle landets helseforetak tilpasset lokale behov og muligheter.

Gjennom å øke kompetanse om samiske pasienters behov, vil spesialisthelsetjenesten til den samiske befolkningen i alle fire helseregioner styrkes.

I Helse Vest er det ikke en stor samisk befolkning, men det er likevel viktig at helsepersonell i Helse Vest kjenner til samiske pasienters kulturelle og språklige behov.

Det viktigste tiltaket i Helse Vest vil være i integrere e-læringskurset om samisk kultur og den samiske pasient i læringsportalen. Programmets overordnede mål er å bygge opp samisk kulturkompetanse og kultursensitivitet blant personell i tjenestene.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til strategidokumentet «Spesialisthelsetjenester til den samiske befolkningen» og at dokumentet oversendes oppdragsgiver Helse- og omsorgsdepartementet med følgende prioriteringer:

- Strategi for økt kvalitet og kompetanse i spesialisthelsetjenesten prioriteres i første fase, i nært samarbeid med primærhelsetjenesten.
- Det utarbeides en nasjonal handlingsplan som omfatter helsetjenester til den samiske befolkningen.
- I henhold til de regionale helseforetakenes sørge for ansvar bør det jobbes videre med overordnet organisering av samiske spesialisthelsetjenester. Modell 1, videreutvikling av dagens organisering, anbefales.

Sak 100/20 Interregional utgreiing av organisering av Pasientreiseområdet – felles styresak

Oppsummering

Saka er felles for alle 4 RHF, og er difor ikkje på nynorsk.

Helse Sør-Øst RHF fikk i foretaksmøte 15. januar 2019 oppdrag å lede en gjennomgang av overordnet organiseringen av pasientreiseordningen, i samarbeid med representanter fra de

andre regionene og Pasientreiser HF. De administrerende direktørene i de regionale helseforetakene ga 30. april 2019 sin tilslutning til mandatet og fikk forelagt endelig rapport fra arbeidet 25. mai 2020. Rapporten legges nå frem til styrebehandling i de regionale helseforetakene. Fristen for oversendelse til Helse- og omsorgsdepartementet var 1. juni 2020. Det er søkt om utsettelse av fristen grunnet behov for styrebehandling av rapporten i de fire regionale helseforetakene.

Administrerende direktør sitt forslag til vedtak

1. Styret slutter seg til rapportens valg av modell for overordnet organisering av pasientreiseområdet, hvor pasientreisekontorene fortsatt er organisert i helseforetakene, men at tjenesteområdet i større grad organiseres sammen med prehospitale tjenester.
2. Styret slutter seg til rapportens anbefalinger for videreutvikling av pasientreiseområdet.
3. Styret slutter seg til av rapporten oversendes Helse- og omsorgsdepartementet.

Etter innspel frå styret blei vedtaket oppdatert som følger:

Vedtak (samrøystes)

4. Styret slutta seg til rapportens valg av modell for overordnet organisering av pasientreiseområdet, hvor pasientreisekontorene fortsatt er organisert i helseforetakene, men at tjenesteområdet i større grad organiseres sammen med prehospitale tjenester.
5. Styret slutta seg til rapportens anbefalinger for videreutvikling av pasientreiseområdet. Styret tilrår at en innen en tidsperiode på 2- 3 år gjør en ny gjennomgang av organisering av pasientreiseområdet i tråd med endringer i samfunnet, dvs. når effekt av bevilgningsendring, teknologisk utvikling og regelverk er avklart.
6. Styret slutta seg til av rapporten oversendes Helse- og omsorgsdepartementet.

Sak 101/20 Revidert årsplan for styret i Helse Vest RHF 2021

Oppsummering

Lagt ved denne saka var revidert utkast til årsplan med møteplan for styret i Helse Vest RHF for 2021. Årsplanen er eit verktøy for å skape oversikt, strukturere styrearbeidet og prioritere tida slik at dei rette og viktige sakene får breiast plass.

I årsplanen for 2021 var det lagt inn eit styreseminar for styret i Helse Vest RHF og styra i helseføretaka og Helse Vest IKT AS.

Det var lagt inn fellesmøte med styra i dei 4 sjukehusføretaka i Helse Vest. I tillegg var det lagt inn fellesmøte med brukarutvalet i Helse Vest, presentasjon av Helse Vest IKT AS, Sjukehusapoteka Vest HF og av pasient- og brukaromboda i Helse Vest.

Endringane i revidert årsplan var utarbeidd i dialog mellom administrerande direktør og styreleiar. Forslag til endringar i forhold til årsplanen som blei vedteken av styret i mai 2020, er som følgjer:

- Styremøte 19. mai utgår. Bakgrunnen for dette er at det var kort tid mellom styremøta i april, mai og juni og det ville vere lite ny informasjon til styret til dette møtet. Med denne endringa vil det bli 4 styremøte i vårhalvåret og 4 styremøte i hausthalvåret.
- Styreseminar med RHF styret og HF-styra i september utgår. Tilbakemelding frå HF-a har vore at det er tilstrekkeleg med eit felles styreseminar i året, og at dette kan supplerast med lokale styreseminar i helseføretaka.
- Middag og fellesmøte med styret i Helse Stavanger HF blir lagt inn i september (i plassen for felles styreseminar)
- Fellesmøte med regionalt brukarutval er flytta frå 29. september til juni.
- Presentasjon av SAV er flytta frå 29. september til februar.

Møteplan for 2021 blir som følgjer:

- 17. februar: Ordinært styremøte i Stavanger
- 17. februar om kvelden: Middag med alle HF-styra + IKT +AD-ar
- 18. februar: Felles styreseminar med presentasjon av styringsbodskap for 2021
- 24. mars: Ordinært styremøte i Stavanger
- 20. april: Fonna – middag om kvelden med styret i Helse Fonna
- 21. april: Synfaring og fellesmøte med HF på formiddagen – ordinært styremøte etter lunsj
- 16. juni: Ordinært styremøte i Stavanger
- 31. august: Førde – Fellesmiddag med styret i Helse Førde om kvelden
- 1. september: Synfaring og fellesmøte med styret i Helse Førde på formiddagen – ordinært styremøte etter lunsj
- 29. september: Stavanger SUS – middag om kvelden med styret i SUS
- 30.september: Synfaring og fellesmøte med styret i SUS på formiddagen – ordinært styremøte etter lunsj
- 2. november: Bergen – middag om kvelden med styret i Helse Bergen
- 3. november: Synfaring og fellesmøte med styret i Helse Bergen på formiddagen – ordinært styremøte etter lunsj
- 8. desember: Ordinært styremøte i Stavanger

Utsending av styresaker:

Utsending av saker til styremøta vil bli 8 – 10 dagar før styremøtet i plassen for 14 dagar før møtet. Dette vil redusere behovet for ettersending av saker til eit minimum.

Møteplan og årsplan for 2022:

Alle styremøta vil bli lagt etter den 15. i månaden, for å få med all oppdatert rapportering frå helseføretaka.

Det vil bli lagt opp til felles opplæring for nye RHF- og HF-styremedlemmer umiddelbart etter val i februar 2022.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til revidert årsplan og møteplan for 2021.

Sak 102/20 Orientering frå Regionalt brukarutval

Leiar av RBU orienterte om at sak om årsaker til kvifor ø-hjelp innleggingar gjekk ned i første fase av pandemien, vil bli diskutert på førstkommende møte i brukarutvalet. Regionalt brukarutval gjennomfører møta som digitale møte grunna Covid19 situasjonen.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå Regionalt brukarutval til orientering.

Sak 103/20 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

- Skriv 01 – Brev til helseføretaka frå Norsk Sykepleierforbund om justert oppdragsdokument – 140820
- Skriv 02 – Brev frå Jordmorforeninga om rapport Endring i fødepopulasjon og konsekvensar for bemanning og finansieringssystem – 110820
- Skriv 03 – Brev frå ordførarane på Haugalandet – Førde og Haugesund forventar å få PCR-maskinar til analyser av SARS-CoV-2 – 170820
- Skriv 04 – Brev frå Helse Vest RHF til ordførarane på Haugalandet om PCR-maskinar til analyser av SARS-CoV-2 – 180820
- Skriv 05 – Brev frå Arbeidstilsynet – Ny frist – 180820
- Skriv 06 – Møtereferat frå Regionalt brukarutval – 080620

Ref. 02.09.2020 Torunn Nilsen

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Ingeborg Morken	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Pernille Lysaker	Medlem
Bente Sissel Pilskog	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem

